– Før 1814 var Norge en del av den dansk-norske helstaten. Vi var et eget rike, men ingen sjølstendig enhet. Ved 1814-Grunnloven av 17. mai het det at Norge var et fritt, uavhengig, uavvendelig og udelelig rike. I november-Grunnloven, etter at vi hadde akseptert unionen med Sverige, heter det ikke lenger «uavhengig», men «selvstendig» – et begrep svenskene aksepterte. Det er også det vi har beholdt i Grunnlovens § 1. Det er interessant å bemerke her at vestlandsdelegatene til Stortinget stemte mot denne endringa. Ordet uttrykker altså et sjølstyre, men innenfor en overordnet enhet.

– Denne forståelsen er også interessant i dag. Når for eksempel professor Erik O. Eriksen ved ARENA (Senter for europaforskning ved UiO, red. anm.) bruker begrepet «demokratisk selvskading» om vårt forhold til EØS, griper han på en måte tilbake til tiden før 1814 – altså til unionen med Danmark. Det er en artig formulering.

Unionen med Sverige

– Du har tidligere skrevet om unionen med Sverige, hvordan var Norges situasjon?

– Det viktige her er å forstå at unionen med Sverige fra 1814-1905 ga Norge stor grad av sjølstendighet. Den var absolutt med hensyn til innenrikspolitik. Det var for eksempel ikke tillatt med statlige økonomiske

SJU AV ÅTTE: – Grunnlova er svært viktig

87 prosent av nordmenn mener at Grunnlova er svært viktig, viser ny ei undersøkning.

Ola Mestad leier Forsknings-

Vett 2-2014



Denne teksten er hentet fra det nye Vett-heftet *Knaker det i konstitusjonen? EU, EØS og grunnlovens grenser*. Vett-heftet kan bestilles fra neitileu.no for kr. 50,-. Medlemmer som mottar Standpunkt kan også motta Vett-heftene gratis som istikk i avisen. For å bli registrert som Vett-abonnet, send e-post til neitileu@neitileu.no eller ring 22 17 90 20.

**Hva er det vi feirer?**

Professor Ola Mestad er leder av Forskningskomiteen for grunnlovsjubileet.

FOTO: UNIVERSITETET I OSLO

transaksjoner mellom de to land. Vi hadde sjølsagt felles Konge, og utenrikspolitikken var styrt fra Stockholm. I krigstider som i 1814 betød det først og fremst sikkerhets- og forsvarspolitikken.

– I en bok jeg utga i 2005 sammen med Dag Mikaelson – Rett, Nasjon, Union – spesielt sluttkapitlet, drøfter jeg om en kan se noen sammenheng eller likhetstrekk mellom den svensk-norske union og EU. Jeg finner at det ikke er tilfelle. Boka er dessverre utsolgt fra forlaget.

Folkesuverenitet og maktfordeling

– Du har ledet Forskningsrådets komite for grunnlovsjubileet. Har det kommet fram noe helt

nytt i samband med denne forskningen?

– Først og fremst vil jeg nok si at vi har kommet fram til en avklaring og opprydding omkring forholdet mellom folkesuvereniteten og maktfordelingen. Det er Eirik Holmøyvik som i sin doktoravhandling framkommer med nye og interessante funn og forklaringer som gir den klare konklusjon at folkesuvereniteten er overordnet maktfordelingsprinsippet, det vil si at Stortinget står over Kongen spesielt. Dette var en vedvarende diskusjon i Norge i perioden 1824-1884, der særlig konservative jurister og politikere hevdet det syn at Kongen måtte ha en sjølsagt vetorett mot grunnlovsendringer, med referanse til Montesquieu. Mytene ville ha det til at «Montesquieus maktfordelingsprinsipp» der alle balanserer alle var grunnleggende på Eidsvoll. Holmøyvik tilbakeviser dette, og jeg er enig med ham.

– Fra 1814 må vi fastslå at Stortinget, det vil si folket, var overordna. Dette var jo det revolusjonære i hele prosessen, og i det grunnlaget som ble ført inn i Grunnloven. Ikke rart kanskje, at konservative ønsket en annen definisjon, men det var Venstre som kjempet og fikk rett. Objektivt sett. Og det er nå fastslått.

Av Heming Olaussen

heming.olaussen@neitileu.no

komiteen for grunnlovsjubileet, som i januar lanserte ei undersøkning om den haldinga folk har til Grunnlova og demokratiet. Så mange som 93 prosent meiner Grunnlova er viktig for demokratiet.

– Det er veldig høge tal, sa Mestad, som også kunne pre-

sentere tal som viser at berre fem prosent meiner at EUs lover og reglar bør gå føre Grunnlova, sa Mestad til NTB 9. januar.

– Det er nok ein av grunnane til at vi ikkje har så mykje EUDiskusjon i Noreg, sa Mestad.

NPK/NTB



Lansering av 2014-jubileet. Stein Ørnhøi, Trond Giske, Heming Olaussen og Sveinung Rotevatn innleidde og debatterte under lanseringa av kampanjen 10. februar.

FOTO: EIVIND FORMØE

LANSERTE KAMPANJE FOR Å FEIRE 1814 OG 1994:

– Burde egentleg åtvvara mot kampanjen

10. februar lanserte Nei til EU kampanjen for å feire 200 årsjubileet for Grunnlova og 20 årsjubileet for nei-fleirtalet i 1994. Medieinteressa var langt frå overveldande. Men så kasta akademikarane seg inn i debatten...

– Eg burde egentleg åtvvara mot at Nei til EU har ein sånn kampanje, sa Sveinung Rotevatn på Nei til EUs kampanjelansering på Stopp Pressen.

– Grunnlova er det mest samlande i norsk politikk og EU-røystinga det mest splittande. Men eg tykkjer også det er bra at Nei til EU tek dette som kampanje. Det er eit paradoks, 200 år etter Grunnlova, at Europa går til val der vi ikkje er med, men der EU har ein solid finger med i spelet om vår politikk.

På lanseringa av kampanjen «1814 og 1994: Folkestyre og nasjonalt sjølvstyre» presenterte Nei til EU sin kampanje.

– Vi vil reise ein debatt om folkestyret og EØS fortalde Heming Olaussen, og presenterte planane for kampanjeåret.

– Vi skal ha seminar og debattar og ein jubileumsstafett. 28. november innbyr vi til festhelg i Oslo. I eit år der vi skal feira Grunnlova meiner eg at dette er eit viktig spørsmål å diskutera: Er vi fornøgd med det vi har vald?

Største EØS-tilhengaren

Tidlegare stortingsrepresentant

og leiar i Nei til EU Stein Ørnhøi heldt miniforedrag om 1814 og 1994. Stortingsrepresentant og tidlegare statsråd Trond Giske og stortingsrepresentant Sveinung Rotevatn kommenterte og debatterte.

– Eg er den største EØS-tilhengaren i Noreg, fortalde Trond Giske.

– Eg meiner at EØS er eit godt kompromiss, det gjev oss full integrasjon i marknaden og det gjev oss det beste av EU-samarbeidet, der vi samarbeider med EU der vi må, sa Giske.

– Men eg meiner det går an å feira at vi sa nei til EU og vera for EØS i grunnlovsåret.

– Ødelegge festen

Riksmedia syntes ikkje Nei til EU si lansering var særleg spennande, utanom Klassekampen som omtalte planane før lanseringa. Stortingspresident og leiar for hovudkomiteen for grunnlovsjubileet, Olemic Thommesen (H), let seg ikkje imponere.

– Jeg velger å senke skuldrene. Det er langt fram før Nei til EU klarer å ødelegge festen, sa han til avisa 3. februar.

– I egenskap av å være leder for grunnlovskomiteen har jeg ingen kommentar til dette. Det blir ikke del av det offisielle grunnlovsprogrammet, men her er enhver fri til å lage sine opptog eller stafetter, sa Thommesen vidare.

Akademikardebatt om EØS

I 2014 er det også 20 årsjubileum for innføring av EØS-avtalen. Samanhengen mellom grunnlovsjubileet og EØS-avtalen har skapt ein viss debatt i enkelte akademiske krinsar. Erik Oddvar Eriksen frå ARENA, senter for europaforskning, hadde kronikken «Jubileum med bismak» på trykk i Dagbladet 3. mars. I kronikken slår han fast at Noreg må sitje på gangen. «Norge er for alle praktiske formål med i Unionen, og betaler for medlemskapet gjennom EØS-midlene, men har ikke innflytelse.» Eriksen skriv at «mange ønsker EU bort. Men det er ønsketekning. Der er ikke noe alternativt prosjekt i sikte i globaliseringens tidsalder. Med alle dens feil og mangler er EU kommet for å bli.» Vidare skriv han at EU-skep-

tikarar i Europa har innsett det. Dei vil «gjøre EU demokratisk og solidarisk. Mer Europa, heller enn mindre, er deres slagord. Men jo mer omfattende samarbeidet blir, jo dypere integrasjonen blir, jo mer problematisk blir situasjonen for Norge. Det er ikke Norges Grunnlov, men EUs som i stigende grad faktisk gjelder her til lands. Norske statsborgere er annenrangs borgere i Europa.»



Vidar Helgesen

EU-ministeren protesterte

EU-minister Vidar Helgesen heldt ei forelesing for på eit Arena-seminar 4. mars. Her forsvarte han EØS-avtalen. «Hvorfor bygger regjeringen på EØS-avtalen? Fordi EØS-avtalen har vist seg å ivareta sin hovedmålsetting: Nemlig å sikre Norge deltakelse i det indre marked, med fri bevegelighet av varer, tjenester, kapital og mennesker. Det ser vi resultater av hver dag, i hverdagslivet, i arbeidslivet og i næringslivet.»

Han er likevel samd med Eriksen i problema med EØS-avtalen. «Det er demokratiske svakheter i vår tilknytning til EU som Arena, og mange med dem, peker på. Først og fremst fordi vi ikke sitter rundt bordet der beslutningene fattes. Og personlig mener noen av oss

at det skulle vi gjerne ha gjort. Men det gjør vi altså ikke, og derfor må vi gjøre det beste vi kan ut av det vi har. Enkelte forskere ved Arena har karakterisert EØS-avtalen som demokratisk selvsikring. Det mener jeg er å trekke det for langt.»

Helgesen meinte EØS-avtalen står sterkt fordi den vart vedteken med stort fleirtal på Stortinget, og fordi EØS-avtalen låg til grunn då eit fleirtal røysta nei til EU-medlemskap. «Siden den gang har samtlige seks storting og samtlige sju regjeringer – uavhengig av politisk farge – sluttet opp om og styrt på basis av EØS-avtalen og våre øvrige avtaler med EU. Det er ingen selvsagt ting på et felt hvor det til tider har blåst kraftige politiske vinder.»

Vidare peika Helgesen på handlingsrommet innanfor avtalen. «EØS-avtalen gir muligheter til å påvirke EU-regelverket i tidlig fase, selv om innflytelsen ikke er garantert. Men det er den heller ikke for medlemslandene. Vi har åpninger og mulighetsrom. Og jeg vil understreke – og det er jo dere i salen klar over mer enn noen andre: EU er et stort kommunikasjons- og forhandlingsmaskineri. Er man tidlig ute og har vettuge argumenter, blir man lyttet til.»

Av Eva Marie Mathisen og Sindre Humberset
standpunkt@neitileu.no

STRATEGIUTVALET BER OM INNSPEL:

Kva må til for å vinne

– Veldig mange vil snakke politikk, men det er ikkje like lett å få ein debatt om kva organisasjon vi treng for å nå måla våre, seier Benedikte Pryneid Hansen, leiar i strategiutvalet i Nei til EU.

Det er ti år sidan sist Nei til EU gjennomførte ein omfattande strategiprosess. Benedikte Pryneid Hansen vart vald til nestleiar på landsmøtet i 2013, og no skal ho leie det nye strategiutvalet i Nei til EU.

– Vi ser at vi har behov for ein langsiktig strategi for neisida, seier ho.

– Vi har ikkje hatt ein strategiprosess i Nei til EU sidan 2004. Då var det jafleirtal på meiningmålingane og vi frykta ein ny medlemskapsdebatt. No er dei eit varig og stabilt neifleirtal på målingane, det er krise i EU og unionen endrar seg i meir føderal retning.

Strategiutvalet ønskjer innspel frå heile organisasjonen, frå fylkeslag og lokallag, samt frå organisasjonane i neialliansen. Sluttrapporten frå strategiutvalet vil kome i august ein gong.

– Vi veit ikkje kvar denne prosessen vil ende, men vi vonar organisasjonen er klar til å kome med innspel undervegs. Første høve for fylka til å kome med innspel vil vere på rådsmøtet april. Der vil vi snakke om strategiutvalet sitt arbeid. Vi vil også oppmode organisasjonen til å invitere utvalet sine medlemmer til å innleie på møte og vere med i debatten. Elles vil vi gjerne ha skriftlege innspel.

Benedikte understrekar at vi ikkje berre må fokusere på dei politiske problemstillingane.

– Det er viktig å sjå det politiske grunnlaget og det organisatoriske grunnlaget i samanheng. Kva kapasitet har vi i organisasjonen Nei til EU? Kor stor kampanje kan vi setje i gong? Kor stor organisasjon treng vi for å køyre ei folkerøystingskampanje? Kva må vi gjere for å bygge opp ein organisasjon som kan klare denne jobben?

Ingen førehandskonklusjon

Strategiutvalet har ikkje konkludert med at målet om å seie opp EØS-avtalen gjennom ei folkerøysting er mogleg å gjennomføre.

– Vi vil legge fram ein slutt-rapport som inneheld ei analyse av kva stoda er i dag, og anbefalte vegval for vegen vidare.

– Vi har både tilhengjarar og motstandarar av EØS i utvalet. Det er bra og ein styrke, men det kan sjølsagt gje problem med å få til ein omforeint strategi

til slutt. Ingen av medlemne i utvalet har reservert seg mot å vere med i vurderinga, og alle vil kome med sine innspel.

– Ein nei til EØS-allianse er førebels er alt for liten for å vippe denne saka. Vi treng å vite kva som må til for å få EØS-tilhengjarane å endre standpunkt. Vi vonar at EØS-tilhengjarane i utvalet kan hjelpe oss med å finne svar på det spørsmålet, sjølv om det kan tenkjast at dei ikkje vil stille seg bak den endelege konklusjonen.

– Vi vil legge fram fleire diskusjonsnotat framover, og det første vil handle om folkerøystingss spørsmålet. Der vil vi forsøke å finne ein brei og haldbar folkerøystingsstrategi. Vidare vil vi legge fram notat om alternativ til EØS-avtalen. Det skal verte laga av ein ekstern bidragsytar, som vi ønskjer vil samle seg om det mest haldbare alternativet til dagens EØS-avtale. Vi vil også legge fram notat om dei pågåande debattane innanfor EU om alternativ til ein stadig tettare union, og også situasjonen etter EU-parlamentsvalet.

No har vi sjansen

– Det vedvarande neifleirtalet har skapt eit rom for å gjere noko med EØS-avtalen. Det gjeld både kampen mot einskild-direktiv og kampen for å få sagt opp EØS-avtalen og erstatte den med eit alternativ.

– Men korleis skal vi lage ein strategi for å seie opp EØS-avtalen? Vi vil starte med eit grundig kartleggingsarbeid om kva organisasjonane i neialliansen meiner, både sentralt og lokalt. Har organisasjonane teke debatten om alternativ til EØS? Vi ønskjer å vite kva partia meiner om ei folkerøysting om EØS, både sentralt og lokalt.

– EØS-debatten dei siste åra har endra på situasjonen. Store deler av fagrørsla er kritiske til EØS-direktiv og jamvel til EØS-avtalen som heilskap. Vi vil sjå på dei som har endra standpunkt, men også på dei som ikkje har endra standpunktet sitt. Kva er grunnen til at dei ikkje har flytta seg? Er det mangel på kunnskap, eller vil dei aldri endre standpunkt?

– Vi må ha ei realistisk vurdering av korleis vi skal nå målet om å få sagt opp EØS-avtalen



Er organisasjonen klar for kampanje? Benedikte Pryneid Hansen er leiar i Nei til EUs nye strategiutval. Ho ønskjer å finne

„ Vi vil sjå på dei som har endra standpunkt, men også på dei som ikkje har endra standpunktet sitt. Kva er grunnen til at dei ikkje har flytta seg? Er det mangel på kunnskap, eller vil dei aldri endre standpunkt? ”

gjennom ei folkerøysting. Vi må både vurdere dei politiske og dei organisatoriske vilkåra for å når måla våre. Kva kapasitet har Nei til EU sentralt, i fylkeslaga og ute i lokallaga for å klare dette. Kva må vi gjere for å få den naudsynte kapasiteten?

– Først må vi vurdere stoda i dag, så må vi finne ut kva som

trengs for å flytte posisjonar, både politisk og organisatorisk.

Kven er den nye neisida?

Strategiutvalet skal også sikre at Noreg i framtida skal stå utanfor EU. Benedikte har planar for å sikre det.

– Vi må sjå på utviklinga i EU og kva den har å seie for

neifleirtalet i Noreg. Det er fleire som seier nei på målingane, men vi veit ikkje så mykje om kven dei nye EU-motstandarane er. Vi må finne ut kva vi skal gjere for å halde oppe neifleirtalet dersom den økonomiske situasjonen i EU betrar seg.

– Vi vil få laga ei meiningmåling om kven det breie

EØS-kampen?



ut kva som må til for at organisasjonen skal kunne gjennomføre ei omfattande kampanje.

FOTO: SINDRE HUMBERSET

neifleirtalet består av. Vi treng å vite kva som er grunnen til at folk er mot norsk EU-medlemskap, for å kunne meisle ut vår eigen strategi.

– Og eit anna spørsmål er korleis vi skal få fleire av dei inn i Nei til EU. Meiningsmålingane viser at det har kome til mange nye EU-motstandarar, men det ser vi ikkje att i medlemstalet til Nei til EU.

Benedikte oppfatar ikkje at dei to måla til strategiutvalet er i motsetnad til kvarandre.

– Eg opplever ikkje at der er ein motsetnad mellom å halde

Noreg utanfor EU og å få sagt opp EØS-avtalen, seier ho.

– Nei til EU må løfte fram nye idear og nye framlegg til korleis vi skal vidareutvikle og sjå på alternative samarbeidsformer med EU som vil vere meir demokratisk. Dersom vi klarer å løfte denne debatten, vil det også vere meir attraktivt å vere utanfor EU.

– Med så stort neifleirtal som vi har i dag så er har vi ein unik sjanse til å løfte våre krav.

Av Sindre Humberset

sindre.humberset@neitileu.no

Mandat for strategiutvalet

■ Utvalgets mandat skal være å utarbeide et forslag til strategi for Nei til EU med hensyn til:

a) Å optimalisere betingelsene for at Norge også i framtida skal stå utenfor EU, slik organisasjonen har som felles, overordna mål.

b) Å optimalisere betingelsene for at EØS-avtalen kan bli erstattet av en tosidig handelsavtale i tråd med organisasjonens vedtatte målsetting.

Europabevegelsen skuffet over Islands EU-beslutning

■ Verken ja- eller nei-siden i Norge er overrasket over at Islands regjering vil trekke tilbake søknaden om medlemskap i EU.

– Jeg er skuffet, men det var ingen kjempeoverraskelse. Det har ikke vært noen hallelujastemming rundt EU-medlemskap på Island, og det er veldig stor skepsis der som i Norge, sier leder Jan Erik Grindheim i Europabevegelsen



(bildet) til NTB 22. februar.

Regjeringen på Island vil trekke tilbake søknaden om EU-medlemskap uten å holde ny folkeavstemning først. Søknaden ble oversendt EU i 2010, da landet var hardt rammet av finanskrisen.

Heming på Nordlandsturne

■ I midten av mars arrangerte Nordland Nei til EU møter med Heming Olaussen i Vesterålen og Lofoten. (Se faksimilen fra Vesteraalens avis 20. mars.)

– Sortland Nei til EU tok tak i en plan om å «røske opp i» EU-kampen her i nabolaget. Vi vil tydeliggjøre neikampen, særlig med tanke på EØS-avtalen. Vi vil gjøre Nei til EU mer synlig, sier Asbjørn Høgden. Planen var å dekke Lofoten og Vesterålen på to etterfølgende dager. Det var åpne møter i Myre i Øksnes, Leknes i Vestvågøy og Stokmarknes i Hadsel kommune.

– Møtet på Myre hadde 30 deltakere. Det er det største



frammøte på nei-tilstelning på aldri så lenge. Tidligere på dagen var det bedriftsbesøk på to fiskeribedrifter, der vi fikk orientering om fangst og eksport, forteller Høgden.

Nå kan du bestille jubileumspakken!

Her kan du bestille jubileumspakka, som inneholder:

- En signert utgave av jubileumsboken
- Boka «Folket sa nei – kampen mot EU-medlemskapet» som kommer ut på Det Norske Samlaget i midten av oktober, forfattet av Dag Seierstad og rikt illustrert.
- To billetter til jubileumsdagen 28. november. Du får to billetter til seminaret på dagtid og til festen på kveldstid. Vi arrangerer seminar kl. 10-16 på Ingeniørens hus, og fest på Sentrum Scene fra kl. 19. Billettene dekker også matservering på begge arrangementene.
- Navnet ditt trykket i festskrift som deles ut 28. november

Pris kr 1994,-

Ta kontakt på neitileu@neitileu.no eller **22 17 90 20**

**1814+1994
=
SANT**

**2014 Vi feirer
folkestyret**



Akademisk alenegang

EU-forskerne ved ARENA gir seg aldri. En fakkell er forsøkt kastet inn i Grunnlovs-jubileum

«Debatten om hva som skjer i EU og hva Norges relasjon til EU består i, er stort sett fraværende. De tilløp til debatt som vi finner, står de intellektuelle for», heter det litt resignert i den ferske boka *Det norske paradoks*, der et titalls ledende fagfolk gjennomgår Norges forhold til EU.

Hjertesukket tilhører profesorene Erik Oddvar Eriksen og John Erik Fossum ved ARENA Senter for Europaforskning, som i høyeste grad preger boka, som redaktører og ansvarlige for fem av bokas 12 kapitler. Øvrige bidragsyttere er i hovedsak fra ARENA og Universitetet i Bergen. Boka kretser rundt spørsmålet om demokrati i vår tid, og lar seg lese som norske Europaforskeres bidrag til grunnlovsjubileet i 2014.

La meg ile til med å erkjenne mer enn to tiårs virke på norsk nei-side. Følgelig kan ren objektivitet i undertegnedes vurderinger ikke påberopes. Det har jeg for så vidt til felles med sentrale bidragsyttere i denne boka. Eksempelvis ARENA-forsker Cathrine Holst, som sensommeren 2009 uttalte følgende til DN: «Jeg lurer på om det må en krisesituasjon til ... som på Island. For nå må jaggu Norge snart se å komme seg inn i EU [...] Men du må ikke tro jeg mener at vi bør få en krise, altså ...

at det er bra for Island det som nå har skjedd ... nei, nei, ikke sånn». Det er, som Standpunkt ved flere anledninger har påpekt og dokumentert, slik at fremtredende Europaforskere ved ARENA i en årrekke har hatt en voldsom politisk slagside, og agert som de reneste påvirkningsagenter for snarlig norsk innlemmelse i EU.

ARENAs slagside har vært så iøynefallende at en seriøs skribent og samfunnsdebattant som tidligere handelsminister Hallvard Bakke i Klassekampen 23. januar 2011 tillot seg følgende formulering: «... lederen for Ja til EU-programmet ved Universitetet i Oslo, professor Erik Oddvar Eriksen ...»

Bokas redaktør, professor Eriksen, har gang på gang framsett følgende påstand: «Norge er de facto medlem av EU» (Ny Tid 9. mai 2008). Dette er selvsagt det reneste vrøvl, all den tid Norge de facto IKKE er medlem av EU. Den misvisende formuleringen er imidlertid ikke noe Eriksen la fra seg i 2008, snarere tvert imot. 10. januar 2014, da professoren holdt foredrag under Norges Forskningsråds konferanse «200 år med Grunnloven – må historien skrives på nytt?» i Operaen i Oslo, gjentok han den: «Den omfattende tilknytningen gjør Norge til et de facto EU-medlem». Så vidt jeg kan se har

man valgt å ikke bruke den noe spesielle formuleringen i boka Det norske paradoks, men det mangler ikke andre lettvintheter og slagord, i innleggene signert professor Eriksen.

På bokomslaget stiller

Universitetsforlaget spørsmålet «Er Norges EU-tilknytning i det hele tatt forenlig med demokratiske prinsipper?» Svaret er nei, skal man tro flere av Europaforskerne, som etterlater lite tvil om EØS-avtalens svakheter. Noe av det mest påfallende ved boka er hvordan Norges handlefrihet og handlingsrom er tillagt lite vekt, og de problematiske sidene ved ØMU og euroen, er forbigått i relativ stillhet. Det er heller ingen overdrivelse å påstå at de demokratiske utfordringene i EU, i boka betegnet som «et eksperiment uten forbilde som vi er vitne til i Europa» – intet mindre – kunne vært viet mer plass.

Boka framstår som faglig og politisk på samme tid. Kapitlene varierer fra relativt lidenskapløs gjennomgang av fagområder, som «Norges

tilknytning til EUs justis- og innenrikspolitikk», og analytiske bidrag fra Helene Sjørven og andre, til mer politiske, for ikke å si polemiske, kapitler signert redaktørene. De opererer gjerne titler som «Folkestyrets vanmakt eller en selvbeskadedt demokratisk prosedyre?» og «Innlemmelse uten medbestemmelse».

I åpnings- og avslutningskapitlene minner Eriksen og Fossums begrepsbruk tidvis om klassisk, norsk EU-debatt. Eriksen gjentar for eksempel at «Enkelte vil hevde at Nei til EU vant i 1994, men har tapt hver dag siden», er formulering riktignok forsøkt kamuflert ved inngangen «Enkelte vil hevde ...» De er lite begeistret for angivelig norsk «utakt» og såkalt «demokratisk selvskading» fordi flertallet stemte nei. De bruker ofte det ladede begrepet «alenegang» om Norges posisjon, og tidvis framstår professorene Eriksen og Fossum som direkte overtydelige. Til det kjedsommelige gjentas alenegang-begrepet: «De fleste andre statene i Europa har valgt en annen strategi enn

‘alenegang’ [...] Alenegang er vanskelig og rommet for selvbestemmelse er redusert [...] I sitt forhold til EU har Norge imidlertid paradoksalt nok redusert sin selvbestemmelse gjennom å velge alenegang». Nettopp dette «norske paradokset» framstår som deres hovedkonklusjon, oppsummert i én eneste setning.

Når det hevdes at «Den sentrale begrunnelsen for at flertallet av befolkningen i 1994 avviste norsk EU-medlemskap var selvvråderett», er det i beste fall en forenkling. Mange av oss som deltok i EU-kampen for tyve år siden vil nok være enig i at demokrati sto sentralt, og det framgår da også av meningsmålinger fra den gangen, men «selvråderett» sto sentralt i enda noen tiår tidligere, i 1972. I en antologi utgitt på Universitetsforlaget og som utgir seg for å være strengt saklig og faglig, stilles krav til et noe annerledes presisjonsnivå.

Ved andre anledninger har professor Eriksen kommet inn på samme problemstilling, dog uten å bruke 1972-begrepet «selvråderett». I sitt innlegg på



Nasjonalstatens tid er altså mer eller mindre over, skal man ta professoren bokstavelig. Mange av oss gjør nok ikke det.

Her skjer det lite. Cathrine Holst og John Erik Fossum er kritiske til det de kaller Stortingets europautvalgs «avpolitisering og irrelevans». Grunnen kan være redsel for å undergrave EØS-avtalen, samt at både opposisjon og posisjon er splittet i EU-saken. FOTO: STORTINGET

såret. Uten at debatten tar fyr. Det er et slags norsk paradoks.

» Fremtredende Europaforskere ved ARENA i en årrekke har hatt en voldsom politisk slagside, og agert som de reneste påvirkningsagenter for snarlig norsk innlemmelse i EU.

Europautredningens debattmøte om EØS i Oslo 18. januar 2011, sa han eksempelvis følgende: «Nasjonalt selvstyre, folkestyret, var i særklasse det viktigste nei-argumentet i 1994. Credo'et var at vi skulle styre oss sjøl». Deretter la han til: «I dag er intet departement og knapt noe rettsområde uberørt av EØS-avtalen! Snakk om suverenitet! Avtalen er en demokratisk katastrofe!»

Det siste vil trolig en del medlemmer i Nei til EU være enig i, men det er ingen tvil om at for Eriksen – som for mange andre – er det reelle alternativet til EØS-avtalen snarlig norsk innlemmelse i EU.

I boka stiller Eriksen og Fossum interessant nok spørsmålstegn ved Norges måte å avgjøre EU-saken på. Det norske politikere uansett EU-standpunkt og partitilhørighet synes å være hjertens enige om, er forskerne mer enn skeptisk til, da de spør: «Er folkeavstemning den mest egnede prosedyren?». I deres øyne er folkeavstemning «problematiske som prosedyre for å fastlegge folkemeningen», noe som med fordel kunne vært utdypet. De

hevder også at det var «et knapt numerisk flertall som stemte nei» ved EU-avstemningen i 1994. Den gangen deltok 89 prosent av de stemmeberettigede, den høyeste oppmøteprosent siden alminnelig stemmerett ble innført i 1913. Av 2,9 millioner avgitte stemmer skilte den gang vel 126 000 stemmer ja- og neisida, en differanse tilsvarende innbyggertallet i Norges tredje største by, Trondheim, ved inngangen til 1990-tallet. Så man kan vel stille spørsmålstegn ved om mer enn 125 000 stemmer er et «knapt numerisk flertall».

Som kjent er Europa-bevegelsen i dag ledet av en Europaforsker, Jan Erik Grindheim. Det er ingen tvil om at professor Erik Oddvar Eriksen gjør så godt han kan for å hjelpe ja-sida fra sin posisjon, og kanskje også han aspirerer til framtidige tillitsverv i Europa-bevegelsen (?) I en kommentar til nedslående meningsmålinger for ja-sida i februar 2010, uttalte han til Nationen at «Det er et opplysningsbehov, for problemet er at befolkningen ikke er klar over hvor mye de facto Norge er med

i EU allerede». Boka *Det norske paradoks* kan helt klart ses i lys av dette. Her gjør Eriksen sitt ytterste for å «opplyse» et gjenstridig folk om hvordan han opplever Norges situasjon. I Nationen 22. februar 2010 mimret han seks år tilbake, og minnet om at «Ja-siden beveget seg mot 50 prosent etter de store debattene vi så rundt 2004.» Noen måneder senere, 12. august 2010, uttalte professor Eriksen til Dagsavisen at «Nordmenn skummer fløten av EU-samarbeidet», at «Norge er i stor grad gratispassasjer på det store europeiske samarbeidsprosjektet», og at «I Europa blir vi ofte framstilt som selvgode og lite interessert i å være med på å dra lasset.»

Eriksen avslutter boka med en kraftsalve om nasjonalstatens rolle, og følgende formulering er boka sine siste: «Vi ser at i Norge er forståelsehorisonten for både lek og lærd i høy grad forankret i den konvensjonelle oppfatningen at nasjonalstaten er den bærende forutsetningen for demokratisk konstitusjonalisme. Denne forståelsen er ikke bare normativt problematisk, den

bringer også Norge på kollisjonskurs med nære allierte og naturlige samarbeidspartnere». Nasjonalstatens tid er altså mer eller mindre over, skal man ta professoren bokstavelig. Mange av oss gjør nok ikke det.

Bidraget i boka fra ARENA-forsker Cathrine Holsts er skrevet sammen med redaktør Fossum, og er en interessant gjennomgang av EU-debatt i norsk offentlighet, nærmere bestemt Stortingets organ for konsultasjoner med regjeringen om aktuelle EU/EØS-spørsmål, og utvalgte intellektuelles aktivitet i norske aviser fra 1994 til 2012. Det framgår at møtene i europautvalget preges av «informasjonsmettede, og ofte nokså tekniske, orienteringer og belæringer» fra ansvarlige statsråder, relativt lavt konfliktnivå, og «oftest avdempet og forsiktig» uenighet. Holst og Fossum er kritiske til det de kaller utvalgets «avpolitisering og irrelevans» og antyder systempåtvunget konsensus grunnet EØS, samt at både opposisjon og posisjon er splittet i EU-saken.

De skriver at «man må naturligvis ikke være akademiker

eller fagperson» for å delta i en diskusjon om konstitusjonelle spørsmål, men poengterer samtidig at opplyst konstitusjonell debatt og velfungerende offentligheter «krever deltakelse fra fagfolk som kan bidra til klargjøring av sentrale spørsmål og handlingsalternativer». Holst og Fossum maner intellektuelle til «å avklare hva som står på spill gjennom å skaffe seg innsikt i og forstå EU-prosessen og dens implikasjoner, samt skissere handlingsalternativer». *Det norske paradoks* kan leses i lys av dette.

Til tross for at foretrukket «skissert handlingsalternativ» i store deler av boka framstår nesten overtydelig, er vel totalinntrykket at den er et verdifullt bidrag til den evige diskusjonen om Norge og EU. I desember 2010 uttalte professor Eriksen til Nationen at «Tatt i betraktning debattnivået, er det ikke rart at ja-sida går tilbake». Om boka *Det norske paradoks* vil bidra til at akkurat det endrer seg, er imidlertid mer enn tvilsomt.

Av Jo Stein Forbord Moenw





Av Lill Fanny Sæther

Faglig sekretær i Nei til EU og fylkessekretær for Vestfold

IRLAND UTE AV TROIKAENS KLØR, MEN FORTSATT KRISE:

Tvilsom økonomisk fremgang

På tross av små lyspunkter, er det langt igjen før Irland har en økonomisk situasjon til å leve med, ikke minst for «The Taxpayer» som betaler for krisebudsjettene diktret av EU.

Fra 15. desember 2013 var ikke lenger Irland direkte underlagt overvåkingen til den såkalte «Troikaen» (EU-kommisjonen, EUs sentralbank og IMF). Det forsøkes skapt et inntrykk av at dette skjer fordi Irlands gjeld ikke lengre er så stor som før. Dette er bare skuebrød. Realiteten er at Irland har innført sparetiltakene Troikaen har pålagt dem i så stor grad at EU er fornøyd, i alle fall foreløpig. Irland har også igjen fått adgang til det ordinære lånemarkedet med en gunstigere rente enn tidligere.

I løpet av årene fra ca. 1995 og til 2008 opplevde Irland en eventyrlig vekst og «The Celtic Tiger» var EUs suksesshistorie i utallige avisartikler og analyser. Men veksten viste seg å være en kunstig boble som ble holdt oppe av en spekulasjonsøkonomi basert på kjempehøy gjeld hos både banker og privatpersoner, og forventninger om stadig økende eiendomspriser.

Da bankkrisen var et faktum høsten 2008 utstedte den daværende regjeringen en omstridt bankgaranti, for å unngå bankflukt og konkurs. Slik unngikk en også dominoeffekten videre til europeiske banker. De fleste irske banker ble satt under statlig administrasjon, og slik er det fortsatt.

Et rettslig oppgjør med de ansvarlige i bankene venter imidlertid alle fortsatt på. Irland ble så i 2010 tvunget av EU til å låne ca. 85 milliarder euro. Og som en følge av dette ble landet underlagt Troikaens overvåking. Lånet og bankgarantien reddet den irske staten og irske og europeiske banker og investorer fra konkurs, men gjelden betales av den vanlige ire, «The Taxpayer».

Ny vekst og fremgang?

Nå snakkes det igjen entusiastisk om Irlands økonomiske fremtid og at landet er på vei ut av krisen. Dette er uttrykk for regjeringens og EUs ønske om å skape optimisme og snakke Irland opp internasjonalt. Dette var også viktig i vinter for å friste mange til å kjøpe irske statsobligasjoner som ble lagt ut for salg, med et overraskende godt resultat, forøvrig. Så da virket nok «opp snakket» i alle fall en stund.

Irlands statsminister, Enda Kenny, og EUs økonomiske kommissær, Olli Rehn, snakker om at Irland igjen vil



Protesterer mot innstrammingspolitikken. Irland har fått beskjed om å kutte i offentlige budsjett av EU, via Troikaen. I tillegg til kutt, har EU også diktret høyere skatter og flere nye avgifter, som eiendomsskatt og vannavgift.

FOTO: FLICKR/WILLIAM MURPHY

oppnå en sterk posisjon. Men nobelprisvinner i økonomi, Joseph Stiglitz, sa på irsk radio høsten 2013: «Dere har grunn til å feire at dere ikke lengre er i Troikaens klør, men jeg tror ikke at dere er på vei mot et solid oppsving. Ingen tror at det går bra med økonomien i Europa». Han sa at Irland nå går igjennom et tapt tiår som resultat av gjeldsbyrden og la til: «Vi vet at krise- eller nøysomhetsbudsjetter aldri har virket, så hvorfor europeiske ledere ikke innser dette er mer enn jeg kan forstå.» Colm McCarthy skriver i Sunday Independent den 12. januar i år: «Det burde gjøre folk nervøse når tiltak for gjeldsøkning, i et land som allerede er nedtynget av gjeld, hilses som en triumf for den økonomiske politikken.»

Som bevis på at det nå går riktig vei for Irland brukes det faktum at arbeidsledigheten er noe lavere enn før, ca. 13 prosent, men det snakkes mindre om at ungdomsledigheten fortsatt er ca. 30 prosent. Dette til tross for at det er innført en ungdomsgaranti som skal gjelde ungdom som blir arbeidsledige etter minst fire måneders ansettelse. Langtidsledigheten har også blitt seg fast på samme nivå som før. I den politiske diskurs settes heller ikke lavere arbeidsledighet

i sammenheng med at ca. 200 000 irer har emigrert i løpet av de siste tre årene. Irene har løst fattigdomsproblemet med utvandring i 150 år, helt siden hungersnøden, som var resultat av potetpest, midt på 1800-tallet. Flere irer utvandret til Amerika i løpet av noen få år enn fra noe annet land i Europa. Nå ligger irene igjen på topp i Europa når det gjelder utvandring og er igjen «the country that has only one thing to export: its people», som de sier med sin vanlige selvironi. De unge, de fleste med utdanning, utgjør ca. 125 000 av dem som har reist. På grunn av den lange utvandrerhistorien er det irer over hele verden og dagens utvandrere har familie og/eller finner irske miljøer der de kommer. De etablerer seg med jobb og egen familie, og all erfaring viser at de returnerer i veldig liten grad, selv i gode tider.

Fortsatt ekstrem gjeld

Hvis man ser noenlunde realistisk på situasjonen, har Irland fortsatt gjeld som tilsvarer ca. 125 prosent av BNP. De mest optimistiske snakker om at gjelden vil komme ned på EUs krav i 2020, nemlig maksimalt 60 prosent av BNP. I 2004 var tallet for Irlands del for øvrig 40 prosent av BNP.

Regjeringen snakker om å kunne legge frem et budsjett i balanse i 2018. Men de fleste mener at gjelden ikke vil kunne nedbetales i særlig grad og at Irland må sette hard mot hard i EU for å få gjelden ettergitt.

Nedgangen i økonomien har riktignok stoppet i løpet av 2013, men veksten har ikke vært stor. Eksporten er fortsatt lavere enn forventet, selv om eksport av landbruksprodukter økte med ni prosent sammenlignet med 2012. Industriproduksjonen økte også med 13,2 prosent mellom november 2012 og november 2013.

De aller fleste som er i arbeid kan også se langt etter lønnsøkning i 2014. Prisene på dagligvarer har holdt seg overraskende høye og i tillegg har prisen på den private sykeforsikringen alle irer bør ha, gått opp. Ingen vanlig innbygger er spart når det gjelder kutt i velferdsordninger. Arbeidsløse, sosialhjelpsmottagere, barnefamilier, handikappede, syke, pleietrengende og eldre har fått kutt eller mistet tidligere ordninger.

Rammer boligeiere

Da bankkollapsen i Irland var et faktum kollapset eiendomsmarkedet som følge av investeringer i eiendommer i milliardklassen med lånte penger. Både banker

og privatpersoner hadde en alt for høy gjeldsbyrde. Da boblen sprakk og prisene falt i rekordfart, gikk mange eiendomsspekulanter og -investorer konkurs. Verre var det at mange vanlige boligeiere satt med gjeld langt over boligens verdi. Boligene lar seg ikke selge og resultatet er at mange har endt opp med gjeld som de ikke klarer å betjene. Situasjonen blir ikke bedre av at alle andre utgifter stiger, lønningene er redusert eller de i verste fall har mistet arbeidet. «Ghost Estates» er et velkjent syn over hele Irland, det vil si tomme (spøkelses)boliger og nybygde, ubebodde boområder. I tillegg kommer alle de tomme forretningsbyggene i byene. Selv om prisnedgangen på eiendomsmarkedet har stoppet og det er en liten prisstigning, spesielt i Dublin, er boligeiernes gjeldsbyrde nå en tidsinnstilt sosial bombe.

Irene må være forberedt på fortsatt høy gjeld, utkastelser og tvangssalg, en generasjon i utlendighet, lav lønnsutvikling, høyere skatter og avgifter og stadig nye nedskjæringer i offentlig sektor og i de velferdsordningene som fortsatt er igjen.

Og i buskene lurar «The Troika» selv om de har dratt tilbake til Brussel.



Av Kari-Ann Søreide
Medlem i Flora Nei til EU



Rekorddeltaking. 8. marsdaga vart ein stor suksess over heile landet. I Oslo deltok over 10 000 i 8. mars-toget som gjekk frå Youngstorget. Mange stadar i landet deltok Nei til EU i toget. FOTO: MORTEN F/FLICKR

8. MARS:

Sats på ei jente!

Som historikaren Frank Aarebrot sa i «200 år på 200 minutt», var det takka vere framsynte og energiske kvinner at vi i Noreg fekk stemmerett for kvinner, som eit av dei første landa i verda, i 1913.

Opptakta var underskriftslistene i 1905. På nokre få sommarveker same året, samla stemmerettsaktivistane inn nær 300 000 kvinneunderskrifter som sa ja til unionsoppløysinga med Sverige. Det gjorde inntrykk. Kvinnene var å rekne med!

Aarebrot nemnde også Katti Anker Møller, som alt på 1920-talet reiste rundt i heile landet og snakka om prevensjon og abort, og ho fekk også i gang det første Mødrehygienekontoret i Oslo.

Seig kamp

Eit tankekors er det også at vi her i landet ikkje venta med å arbeide for likestilling til vi blei rike! Likestillinga kom ikkje på plass etter at vi var blitt eit velferdssamfunn. Tvert imot var kampen for kvinners politiske og økonomiske rettar heile tida sentral i utviklinga av landet vårt. Det at kvinner tok del i avgjerdene som sikra fleirtal for viktige velferdsreformer, og at kvinner tidleg fekk tilgang til lønna arbeid og blei økonomisk sjølvstendige, førte til ein meir produktiv økonomi for heile landet. Det lønte seg!

Blå damer – blått lys

Men no må vi vere på vakt igjen. Kvinnekampane er slett ikkje vunne for alltid. Den blå

Erna og den blåblå Siv sit i førarsetet no, med hendene fast om rattet. Dei er kvinner, ja vel, men kva hjelper det når dei byrjar å tukle med abortlova, sår tvil om pappapermen, og privatisering og konkurranseutsetjing står øvst på ønskelista? Alt dette blir no «selt inn» saman med det positivt lada ordet «valfridom». Det er opp til deg! Du kan velje! Vil du ha kontantstøtte eller barnehage? Privat eller offentleg helse? Private eller offentlege barnehagar og skular? Ditt val! Ver så god.

India

Sist haust var eg på reise i India, og kvinnene der hadde ikkje mykje å velje i. Men vi fekk høyre at det dei siste femseks åra hadde vore ein kvinnevervolusjon i landet. Korleis det? Jau, revolusjonen gjekk ut på at dei først og slett reserverte halvparten av alle plassane i kommunestyra for kvinner. Ein og ein halv million kvinner hadde slik blitt lokale folkevalde, og fleire stader var kvinnene i ferd med å bli ein politisk maktfaktor. Der denne ordninga hadde fått virke nokre år, såg dei positive resultat i form av betra folkehelse. Kvinnene hadde nemleg sytt for at langt fleire fekk tilgang på reint vatn og betre sanitærforhold. Det lønte seg!

Kjem ein frå Noreg og prøver å seie noko om likestillinga hos oss, blir ein fort oppfatta som totalt verkelegheitsfjern! Vi har velferdsgodar indiske kvinner berre kan drøyme om. Men vi

er fem millionar. Dei er 1,2 milliardar.

«Pen i tøyet»

I tekstilindustrien er 80 prosent av arbeidarane kvinner, og fordi kvinner i det patriarkalske indiske samfunnet har så låg status, kan dei private fabrikkengarane utnytte dei til det ytste. Det blir også gjort, slik at Vestens billigkjeder får den innkjøpsprisen dei ynskjer. Desse damene fargar, klipper og syr dei kledda vi kjøper på Hennes og Mauritz. Dei har ikkje fast jobb, men blir hyra inn etter «produksjonsetter-spørse», på korte kontraktar. Det er sjølv sagt rekna ut ei månadleg minstelønn, men det hjelper ikkje stort når kvinnene tener om lag halvparten av den! Etter åtte timars dag på fabrikk, i elendige lokale og sydande hete, er det ikkje uvanleg at damene har ein vaskejobb eller tobakksrulling i tillegg. Fagforeiningsarbeid er risikabelt, rusk i maskineriet, og dei som engasjerer seg kan i neste omgang misse jobben, nettopp fordi dei peikar på dårlege lønns- og arbeidsvilkår. Bilete av «slike damer» kunne av leiinga bli sendt rundt til andre fabrikkengarar, som ei åtvaring! I 2013.

Så neste gong eg rødmande handlar på ein H&M butikk, kjem nok deler av varmen frå ein aggresjon mot den globaliserte tekstilindustrien sine lave prisar, som bidreg til kvinners lave status og lønn – i India.

Gratulerer med dagen – sats på ei jente!

HISTORIEBOKPROSJEKTET:

Strikkeaksjonen

Strikkeaksjonen mot EØS aksjonerte gjennom dette 18 meter lange lappeteppet, som er strikka av kvinner frå heile Norden. Teppet vart hengt opp utanfor Stortinget 16. oktober 1992.



FOTO: NEI TIL EU



FOTO: NEI TIL EU



FOTO: NEI TIL EU



FOTO: KARL HENRIK SEEMANN

KALENDER

April
4.-5. april. Nasjonal faglig konferanse i Oslo. Faglig utvalg i Nei til EU, LO i Oslo, LO i Trondheim, LO i Bergen og LO i Stavanger arrangerer en arbeidslivskonferanse med tittelen «Norsk arbeidsliv ti år etter EUs østutvidelse».

23. april. Kveldsseminar i Oslo: Høyrekreftene på frammarsj i Europa? Oslo Nei til EU arrangerer kveldsseminar om de politiske endringene i kjølvannet av den økonomiske krisa i EU.

23. april. Årsmøte i Oslo Nei til EU.

26. april. Åpent seminar. Nei til EU feirer folkestyret med seminar på Eidsvoll. Tema for seminaret er blant annet Nei til EUs 2014-kampanje, folkestyre og 1814, folkestyre og EØS, EØS-kampens historie, folkestyre og de unge. Det vil også være omvisning på Eidsvollsbygningen.

27. april. Rådsmøte i Nei til EU på Eidsvoll.

Mai
1. mai. Nei til EU deltar i arrangementer i anledning 1. mai, rundt om i landet.

Juni
11. juni. Oppstart av jubileumsstafetten i Trondheim

August
Stafettmåned.
12.-16. august. Nei til EU deltar med stand og arrangement under hele Arendalsuka.

September
Stafettmåned.
 Nasjonal studentkonferanse.

Oktober
Stafettmåned.
16. oktober. Vestfold Nei til EU avholder et jubileumsarrangement på Gjennestad gartnerskole «Jubileumsåret 2014 – Grunnloven 1814 og Folkets nei til EU i 1994 – Demokrati og folkestyre».

25.-26. oktober.
 Kvinnekonferanse 2014 i Oslo.

November
28. november.
 Jubileumsseminar og fest på 20-årsdagen for folkeavstemningen i 1994. Det blir jubileumsfest på Sentrum Scene. Vi inviterer alle til Oslo for å feire nei-seieren i 1994. Vi planlegger et program med varierte kulturuttrykk og med matserving.

29.-30. november. Landsmøte i Nei til EU.



Neste Standpunkt
 Frist for innsendte bidrag til nummer 3-2014 er 19. mai.



Endepunkt

«Den siden som forsøker seg med triks og slagord vil tape»

THORBJØRN JAGLAND, Dagbladet 12. mars 1994.



NY LEIING I UNGDOM MOT EU:

Vil kjempe for meir folkestyre



Det nye styret i Ungdom mot EU. Frå venstre: Anne Fossdal Johnsen, Ingrid Marie Sylte Isachsen, Per Alexander Fossheim Johansen, generalsekretær Åsa Kjerstine Kjølberg Moen, leia Bjørn Ola Opsahl, nestleiar Pål Trautmann Olerud, Jørgen Bikset, Elise Hammari og Aram Zaheri. FOTO: UNGDOM MOT EU

Det nye sentralstyret i Ungdom mot EU lovar kamp for meir folkestyre gjennom mindre EU-påverknad. Ungdomen vil derimot ikkje krevje folkerøysting om EØS-avtalen.

17. - 19. januar heldt Ungdom mot EU sitt 23. ordinære landsmøte. Østfoldingen Bjørn Ola Opsahl overtok leiarklubba, og ser frem til å jobbe vidare for eit fortsatt nei til norsk EU-medlemskap, og for meir folkestyre gjennom mindre påverknad frå EU i Noreg.

– EU påverkar dagleglivet vår i Noreg gjennom EØS-avtalen og gjennom direktiva. Ungdom mot EU vil ha slutt på denne snikinnmeldinga i EU, og meiner at det er Stortinget som skal rå over norsk politikk, seier Opsahl.

Framhevar breifronten

Ungdom mot EU er ein ungdomsorganisasjon for alle som er mot norsk medlemskap i EU, og Opsahl framhevar breifronten som nøkkelen i den vellukka EU-kampen.

– Å jobbe i breifront betyr ikkje at vi er redde for å meine noko, men at vi har rom for alle former for EU-kamp og arbeider mot norsk medlemskap frå både høgre, venstre og midten av det politiske landskapet, seier Opsahl.

Trondheimsjenta Åsa Kjerstine Kjølberg Moen tek over som generalsekretær, og ser frem til å bygge organisasjonen vidare i jubileumsåret for EU-røystinga i 1994.

– I 1994 sa det norske folket nei til EU for andre gang. Det skal vi feire i år. Samtidig skal vi feire grunnlovsjubileet ved å arbeide mot at Noreg hovudlaust

godtek all politikken som kjem hit gjennom EØS-avtalen, seier Moen

Vil ikkje ha folkerøystingskampanje

Ungdom mot EU er derimot ikkje samde med Nei til EU i at tida er inne for å krevje folkerøysting om EØS. Landsmøtet i Ungdom mot EU viser til at mykje av styrken til neisida ligg i den breie representasjonen.

– I Nei til EU er det mange EØS-motstandarar som ivrar for folkerøysting i nær framtid, men med seks av ti som seier ja til EØS-avtalen, har vi mildt sagt ein stor jobb å gjere før ei folkerøysting er aktuelt, heiter det i vedtaket.

– Vi må hugse at å vere medlem av EU er mykje verre enn EØS, meiner ungdomsorganisasjonen.

– Vi må kritisere EØS-avtalen,

samstundes som vi held på breifronten. Det viktigaste då er å vere ei vaktbikkje overfor nye EU-direktiv, seier den nyvalde Ungdom mot EU-leiaren til Nasjonen 21. januar.

– Det vi treng er ikkje ein skyttargravskrig, men ein reell debatt. Vi må sjå at det er både positive og negative sider ved EØS-avtalen. Eg er klar på at det er flest negative sider, men vi treng ein reell debatt. Det får ein ikkje ved å gå ut med krav om folkerøysting no, seier Opsahl.

Han ønskjer likevel ei EØS-folkerøysting på lenger sikt.

– Ungdom mot EU er imot EØS-avtalen og meiner den gjev eit demokratisk underskot det ikkje går å leve med, seier han til avisa.

Av Sindre Humberstet
 sindre.humberstet@neitileu.no